





FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

**FORSKRIFT OM FISKE ETTER ANADROME
LAKSEFISK I MØRE OG ROMSDAL.
FREDNING VED UTLØP AV VASSDRAG,
DATERT 02.05.1991.**



MILJØVERNDELINGA
FYLKESHUSA Tlf. (072) 58000
6400 MOLDE

**RAPPORT NR 3 - 1991
ISBN-82-7430-035-1
ISSN: 0801-9363**

**FORSKRIFT OM FISKE ETTER
ANADROME LAKSEFISK I MØRE OG
ROMSDAL.**

FREDNING VED UTLØP AV VASSDRAG

DATERT 02.05.1991.

RAPPORT NR. 3 - 1991

ISBN-82-7430-035-1

ISSN: 0801-9363



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde
Telefon: (072) 58000 Telefax: (072) 58510

Orientering

Ny forskrift for freding av eit sjøområde ved utløp av vassdrag i Møre og Romsdal

Til no har ein hatt ei rekkje forskrifter for freding av sjøområde utanfor vassdrag i Møre og Romsdal. Regelen har vore at kvar fredingssone har hatt si eiga forskrift. Desse forskriftene er gjevne over eit tidsrom på over hundre år. Hovudprinsippet for fredinga av dei einskilde sonene er stort sett lik, men dei skil seg frå kvarandre både når det gjeld tidspunkt for fredinga og kva som er forbode/ tillate innanfor sonene. Det har synt seg at desse små skilnadene mellom forskriftene for dei einskilde sonene har ført til at det har vore vanskeleg for folk å halde seg orientert.

Fylkesmannen vart i 1989, av Direktoratet for naturforvaltning, beden om å vurdere spørsmålet om freding av munningsområdet utanfor vassdrag. På denne bakgrunn sette fylkesmannen i verk ein gjennomgang av samtlige eksisterande munningsfredingssoner, samstundes som ein vurderte behovet for nye. Eit forslag til ny forskrift for fredingssoner utanfor vassdrag vart sendt ut på høyring i 1990. Til no har tilsaman 47 munningsområde vore omfatta av fredingsføresegner når det gjeld tilgjenge til fiske. Det ligg no føre ei forskrift for samtlige munningsfredingssoner i fylket. Denne forskrifta omfattar tilsaman 78 ulike soner som igjen omfattar 92 elvar. Forskrifta er i hovudsak lik for samtlige soner.

Den einskilde sona er definert innanfor ei rett line trukket mellom framtrekande punkt i landskapet. Desse punkta vil etter kvart bli merka med skilt.

Samstundes som den nye forskrifta no er gjeven, vert samtlige tidlegare forskrifter for fredingssoner utanfor vassdrag i Møre og Romsdal, tilsaman 32 stk., oppheva.

Til orientering ligg det ved kart som syner utbreiinga til den einskilde fredingssona. Desse karta er berre meint som ei rettleiing. Det er forskrifta og dei oppsette grensemerka som er den juridiske definisjonen av den einskilde sona.

Forskrift om fiske etter anadrome laksefisk i Møre og Romsdal Fredning ved utløp av vassdrag i sund og straumar

Med heimel i lov av 6. mars 1964 om laksefisket og innlandsfisket § 68, jfr. kgl. res. av 24. september 1965 og delegasjon til fylkesmannen av 28. februar 1989, har fylkesmannen den 02.05.1991 fastsett følgende forskrift for fiske etter anadrom laksefisk i sjøen ved elveutløp i Møre og Romsdal fylke:

§ 1

Fredning ved utløp av vassdrag, i saltvasstraumar og sund:

1. Utanfor dei elver som er nemnde nedanfor i pkt. 2, og kor det er fastsett særskilt grense, er alt fiske innanfor grensa med kastenot, snurpenot, drivgarn, settegarn og liknande reiskap, kilenot, krokarn, botngarn, lakseverp og liknande innretning, samt oter og dorg, forbode i tida frå og med 15. april til og med 30. september.

Forbodet gjeld likevel ikkje for fiske etter anadrom laksefisk i den lovlege fisketida med kilenot, lakseverp og liknande reiskap, når dei nemte reiskapa er brukt før matrikkeirevisjonen etter lov av 6. juni 1863, og det kan provast at fisket er medrekna til auke i vedkommande eigedom sin matrikkelskyld.

Forbodet gjeld heller ikkje fiske etter sild og brisling med landnot eller med nøter på minst 150 m lengde og 30 m djupne utsett av fiskarar oppført i fiskarmanntalet, og kor reiskapen i tillegg er sett ut frå fartøy som er registrert i merkeregisteret for norske fiskefartøy, jfr. lov om registrering av fiskefartøyer av 5. desember 1917 nr.1. Dette unntaket gjeld ikkje for dei i pkt. 2 omtala sonene utanfor Eira i Nesset kommune, Henselva (Isa og Glutra) i Rauma kommune og Storelva i Nordangsfjorden, Ørsta kommune.

Forbodet gjeld heller ikkje for fiske med garn etter andre fiskeslag enn anadrom laksefisk når øvste kant av garna står på 30 m. djup eller djupare, og ikkje noko del av reiskapen står nærare elvemunning (grense elv/ sjø) enn 500 m.

2. Fredningssonene omfattar følgende område:

VANYLVEN KOMMUNE

ÅHEIMSELVA:

I eit sjøområde utanfor Åheimselva, innanfor ei rett linje trekt frå Tueskjeret i sørvest til nes 450 m nordvest av Klungveholmen i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 178 835 til 179 838

OSELVA (SYVDE) OG NORDALSELVA:

I eit sjøområde utanfor Oselva og Norddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløp av Strandaelva i sørvest til punkt ved Eikrem, 500 m utenfor utløpsos til Norddalselva i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 288 889 til 301 898

SANDE KOMMUNE**VÅGSELVA OG MYKLEBUSTELVA:**

I eit sjøområde utanfor Vågselva og Myklebustelva, innanfor ei rett linje trekt mellom nes ved Knotten i sør til nes ved Leirvik i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 244 039 til 244 043

HAREID KOMMUNE**HAREIDSVASSDRAGET:**

I eit sjøområde utanfor Hareidselva, innanfor ei rett linje trekt frå Åreneset ved Plassane i søraust til sydenden av kaia på Korsneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 478 185 til 468 200

ULSTEIN KOMMUNE**HADDALSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Haddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløp av Klongsdalselva i søraust til Grønneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 378 091 til 363 101

VOLDA KOMMUNE**KILSELVA/KILSPOLLEN:**

I eit sjøområde utanfor Kilselva, innanfor ei rett linje trekt frå yste spissen av Bergnosa i sør til Straumshamn damskipsbrygge i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 470 853 til 470 854

STEINSVIKELVA OG ÅMELA:

I eit sjøområde utanfor Steinsvikelva og Åmela, innanfor ei rett linje trekt frå Brandeneset i søraust til Hasleneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 359 798 til 351 803

AUSTEFJORDELVA (FYRDSELVA):

I eit sjøområde utanfor Austefjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes søraust for Leirvika i vest til nes 500 m nord for Fjørehammaren i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 591 851 til 599 850

ØYRAELVA:

I eit sjøområde utanfor Øyraelva, innanfor ei rett linje trekt frå sydvestlegaste punkt på Andeneset i søraust til sydvesleg hjørne av Volda fergekai i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 476 925 til 470 939

ØRSTA KOMMUNE**ØRSTAELVA:**

I eit sjøområde utanfor Ørstaelva, innanfor ei rett linje trekt frå austre hjørne i kaien til Møre Trikotasjefabrikk A/S i sør til trigometrisk punkt på Sesslaberget, ca. 2,1 km frå elveosen i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP/LQ frå 482 991 til 484 009

BONDALSELVA:

I eit sjøområde utanfor Bondalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Hustadneset i søraust til Sæboneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP/LQ frå 699 999 til 697 012

BJØRKEELVA (VIKELVA) OG TUSSEELVA:

I eit sjøområde utanfor Bjørkeelva og Tusseelva, innanfor ei rett linje merket ved nordlegaste høgspenlinje over fjorden mellom Finnes i vest til Bjørke i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 718 892 til 727 892

NORANGDALSELVA (STORELVA):

I eit sjøområde utanfor Norangdalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Helganeset på sørsida av fjorden til ei høgspenmast med fire stolpar sør for Skogsteinen på Åreneset på nordsida av fjorden.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 774 983 til 778 987

ÅLESUND KOMMUNE**SPJELKAVIKELVA:**

I eit sjøområde utanfor Spjelkavikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Digernes i søraust til nes ved Furumyr, 700 m frå utløpet av Spjelkavikelva i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 630 276 til 626 285

ØRSKOG KOMMUNE**ØRSKOGELVA:**

I eit sjøområde utanfor Ørskogelva, innanfor ei rett linje trekt frå Veaberget i søraust, over vestenden av Storskjeret til vestenden av fabrikkjen til Stavseeng & co. i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 868 288 til 867 299

VAGSVIKELVA:

I eit sjøområde utanfor Vagsvikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Visetneset i søraust til Kleivaneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 910 262 til 908 266

NORDDAL KOMMUNE**EIDSDALSELVA OG NORDDALSELVA :**

I eit sjøområde utanfor Eidsdalselva og Norddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Svora (750 m frå Eidsdal fergekai) i vest til Oterhola (1 km fra utløpet av Norddalselva) i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 046 056 til 086 049

TAFJORDELVA:

I eit sjøområde utanfor Tafjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Seineset i sørvest til tunnellingnslag vest for Muldalselva i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 171 033 til 184 036

VALLDALSELVA (VALLDØLA):

I eit sjøområde utanfor Valldalselva (Valldøla), innanfor ei rett linje trekt frå Meneset i vest til Honeset i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 088 084 til 109 079

STRANDA KOMMUNE**STRANDAELVA:**

I eit sjøområde utanfor Strandaelva, innanfor ei rett linje trekt frå Oshammaren i søraust til Stabburet fabrikk i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 940 103 til 937 109

LANGEDALSELVA OG KORSBREKKEELVA

I eit sjøområde utanfor Langedalselva og Korsbrekkeelva, innanfor ei rett linje trekt frå Åsneset i søraust til punkt ved sjøen (500 m utanfor veikryss) i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LP frå 894 859 til 890 864

STORDAL KOMMUNE**STORDALSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Stordalselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Stølegrova i sør til nes ved Hovstranda (nedenfor Nesplassen) i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 949 178 til 951 188

DYRKORNELVA:

I eit sjøområde utanfor Dyrkorn, innanfor ei rett linje trekt frå Fåmen i søraust til Smineset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 939 225 til 938 233

SYKKYLVEN KOMMUNE**VELLEDALSELVA (FETVASSDRAGET):**

I eit sjøområde utanfor Straumen, innanfor ei rett linje trekt frå eit punkt i land 300 m sør for utløp av bekk frå Storegylet i vest til Sandneset i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 746 151 til 751 151

AUREELVA OG VIKELVA:

I eit sjøområde utanfor Aureelva og Vikelva, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Ikornneselva og frå Ikornneselva til det vestlegaste punktet på Tyneset i sørvest til Fauskeelva i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 743 179 til 739 197 til 743 220

RAMSTADELVA:

I eit sjøområde utanfor Ramstadelva, innanfor ei rett linje trekt frå nordlegaste punktet på Håneset i vest til Hesthammaren i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 848 247 til 867 249

SKODJE KOMMUNE**SOLNØRELVA:**

I eit sjøområde utanfor Solnørelva, innanfor ei rett linje trekt frå Ryttingsnes i søraust til industrikai ved Håheim i nordvest (sørvestleg hjørne av kai).

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 815 300 til 813 305

ved Skodje:

I eit sjøområde utanfor Solnørelva, innanfor ei rett linje trekt frå Smeltevikneset i sørvest til Skodje kai i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 810 314 til 814 323

HARAM KOMMUNE**REITEELVA:**

I eit sjøområde utanfor Syvikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Svinvika i søraust, til punkt i nordvest 850 m frå utløp av Reiteelva.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 603 374 til 603 380

HILDREELVA:

I eit sjøområde utanfor Hildreelva, innanfor ei rett linje trekt frå eit naust tilhørande Einar Hildre, ca. 285 m nordvest for munningen av Hildreelva til stake i sjøen på Skanseflua, ca. 400 m nordaust for munningen av Hildreelva, og ei rett linje frå foran nevnte stake på Skanseflua og til naust tilhørande Ernst Hansen, ca. 620 meter sydaust for munningen av Hildreelva.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 637 453 til 643 454 til 645 449

VATNEELVA:

I eit sjøområde utanfor Vatneelva, innanfor ei rett linje trekt frå utløp av bekk nedenfor Boltura og Storfonna i vest til Angelsneset i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 768 399 til 774 400

SUNNALANDSDALSELVA (BRATTVÅG):

I eit sjøområde utanfor Sunnalandsdalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Kjøholmen i sør til fyrlykt på Boltholmen i nord, til Harhaugneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 691 448 til 692 450 til 688 454

TENNFJORDELVA:

I eit sjøområde utanfor Tennfjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes mellom Lønesbukta og Bergsenden i sørvest, 1 km fra utløpet av Tennfjordelva, til ytste punktet på Nordnes i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 749 356 til 752 365

VESTNES KOMMUNE**TOMREFJORDELVA:**

I eit sjøområde utanfor Tomrefjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Langneset i vest til utløpet av Løvøllselva i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 932 416 til 939 417

VIÅA:

I eit sjøområde utanfor Viåa, innanfor ei rett linje trekt frå ytste spissen av Selsneset i søraust til utløpet av Neråsgrova i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 935 442 til 929 471

TRESSA:

I eit sjøområde utanfor Tressa, innanfor ei rett linje trekt frå Løvikneset i sørvest til Hoemsneset i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 040 361 til 047 365

RAUMA KOMMUNE**INNFJORDELVA:**

I eit sjøområde utanfor Innfjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Stokkeneset i vest til Bakken (nedenfor Grisetbakken) i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 249 317 til 263 316

RAUMA:

I eit sjøområde utanfor Rauma, innanfor ei rett linje trekt frå Stamnesodden i søraust til Hegerholneshammaren ved Rønning i nordvest, og frå en rett linje frå tunnellinislag i søraust til Bjørgeneset i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 326 385 til 311 389
frå 302 360 til 283 379

HENSELVA (ISA/GLUTRA):

I eit sjøområde utanfor Henselva, innanfor ei rett linje trekt frå kai ved tankanlegg søraust til Rabben, ytre Breivik i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 363 383 til 348 402

MITTETELVA:

I eit sjøområde utanfor Mittetelva, innanfor ei rett linje trekt frå punkt nedenfor Strandsteigen 400 m fra utløpet av Ljøsåa i sørvest til Sjølaupet (nedenfor skarp sving på veien) i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 320 528 til 340 539

NESSET KOMMUNE**EIDSVÅGELVA:**

I eit sjøområde utanfor Eidsvågelva, innanfor ei rett linje trekt frå Tjærabrenneriet i Breivika i sør til Ålberget i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 510 596 til 510 608

EIRA:

I eit sjøområde utanfor Eira, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet til Lille Hundneset i vest til Strandaelva i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 551 523 til 563 526

MOLDE KOMMUNE**OSELVA, SOTÅA og OLTERELVA (ISTADELVA):**

I eit sjøområde utanfor Oselva, Sotåa og Oltærelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes ved Ullaland (200 m frå Langneset) i sør, over Holmen, spissen av Nesa til Haugneset til vestspissen av Kleivneset i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 315 617 til 314 621 til 315 625 til 314 632

MIDSUND KOMMUNE**KYRKJEELVA:**

I eit sjøområde utanfor Kyrkjeelva, innanfor ei rett linje trekt frå Krabbevikneset i sør til Hamnaneset i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 814 542 til 816 554

FRÆNA KOMMUNE**VASSELVA (AUREOSEN):**

I eit sjøområde utanfor Vasselva, innanfor ei rett linje trekt frå Sandgrova i søraust til Aurekleiva i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 039 666 til 033 670

MALMEELVA:

I eit sjøområde utanfor Malmeelva, innanfor ei rett linje trekt frå Øyrneset i sør til eit lite nes rett nord for Øyrneset (1200 m vest for utløpet av Hansøygardsvorpa).

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 092 656 til 093 663

MOAELVA og SYLTEELVA

I eit sjøområde utanfor Moaelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes ved Syltevorpa i sør til Nygardsnaset i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 074 676 til 077 687

DALEELVA:

I eit sjøområde utanfor Dalaelva, innanfor ei rett linje trekt frå nothus vest for Vorpeneset i sør til småbåthavn mellom Røyavollen og Naustvollen i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 065 699 til 064 705

TORNESELVA:

I eit sjøområde utanfor Torneselva, innanfor ei rett linje trekt frå Nilsneset i søraust til Tornes i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ/LQ frå 001 692 til 996 695

STAVIKELVA:

I eit sjøområde utanfor Stavikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Størvikneset i søraust til Tjeldnesberga i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 979 728 til 972 734

GULELVA:

I eit sjøområde utanfor Gulelva, innanfor ei rett linje trekt frå Seterneset i søraust til ytst på Buahaugen i nordvest (punktet er rett innanfor Purkflea).

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ frå 962 760 til 960 762

RUGELVA:

I eit sjøområde utanfor Rugelva, innanfor ei rett linje trekt frå eit punkt 250 m nordaust for Haugbakkholtet i sørvest og rett nordaust til Haugneset. (Linja tangerer Nordre Hauholmen i aust).

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: LQ/MQ frå 999 825 til 002 834

HUSTADELVA:

I eit sjøområde utanfor Hustadelva, innanfor ei rett linje trekt frå Malehammeren i sørvest til Flønestangen i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 023 839 til 030 841

FARSTADELVA:

I eit sjøområde utanfor Farstadelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lakseberga, aust for Kanvika, i sør til nes nedanfor Breiviknausta, vest for Breivikbukta, i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 061 854 til 063 863

SANDBLÅSTELVA:

I eit sjøområde utanfor Sandblåstelva, innanfor ei rett linje trekt frå Nerstølneset i sør til kai på Vevang i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 143 871 til 143 876

EIDE KOMMUNE**SANDBLÅSTELVA:**

I eit sjøområde utanfor Sandblåstelva, innanfor ei rett linje trekt frå Nerstølneset i sør til kai på Vevang i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 143 871 til 143 876

VÅGSBØELVA:

I eit sjøområde utanfor Vågsbøelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lianeset i søraust til Eide kai i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 230 763 til 216 773

AVERØY KOMMUNE**BAELVA OG BÅDALSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Baelva og Bådalselva, innanfor ei rett linje trekt frå det nordlegaste punktet på Omfarøya i søraust til Skallnes i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 284 888 til 279 891

GJEMNES KOMMUNE**BATNFJORDSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Batnfjordselva, innanfor ei rett linje trekt frå Tørriset i søraust til utløpet av Raudelva i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 345 762 til 339 767

TORVIKELVA:

I eit sjøområde utanfor Torvikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Torvikneset i vest til eit lite nes 400 m nordvest for Hamneset i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 417 807 til 426 808

ANGVIKELVA:

I eit sjøområde utanfor Angvikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Knivskjerneset i søraust til nes 500 m nord for utløpet av Angvikelva i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 549 737 til 540 743

TINGVOLL KOMMUNE**ELVER TIL NERVÅGEN, KANESTRUM**

I eit sjøområde utanfor elver til Nervågen, innanfor ei rett linje trekt frå Jensneset i søraust til nes 300 m nordaust for utløpet av Nervågen i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 561 912 til 559 916

VÅGELVA:

I eit sjøområde utanfor Vågelva, innanfor ei rett linje trekt frå Svinneset i søraust til nes 150 m frå Galten og mellom Galten og Nordbøbukta i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 635 842 til 624 849

STORELVA (MEISINGSET):

I eit sjøområde utanfor Storelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lundaneset i søraust til Strand i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 666 724 til 655 728

SUNNDAL KOMMUNE**USMA (ØKSENDALSELVA):**

I eit sjøområde utanfor Usma, innanfor ei rett linje trekt frå eit punkt på Grytneset, 150 m sør for utløpet av Grytbekken i sørvest til Bøneset i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 702 557 til 712 560

LITLEDALSELVA OG DRIVA:

I eit sjøområde utanfor Litledalselva og Driva, innanfor ei linje trekt frå utløpet av Innvikbekken i sørvest til utløpet av Sandvikelva i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 748 524 til 775 532

SURNADAL KOMMUNE**TODALSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Todalselva, innanfor ei rett linje trekt frå ytste spissen på Hyllneset i sørvest, forbi vestre side av Ansnesholmen og til utløpet av bekken frå Drivvatn i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 834 665 til 835 666 til 843 672

SØYA:

I eit sjøområde utanfor Søya, innanfor ei rett linje trekt frå Mulneset, nedanfor Mulneshammaren, i søraust til eit punkt på Kvenneset, 350 m frå ferjekai i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 765 729 til 760 734

SURNA:

I eit sjøområde utanfor Surna, innanfor ei rett linje trekt frå Karlvikbukta i sør til Glerem kalksteingruve i nord.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 798 819 til 800 848

BÆVRA:

I eit sjøområde utanfor Bævra, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Hamnesbekken i søraust til Bratthammerbukta i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 772 867 til 767 873

AURE KOMMUNE**TODALSELVA:**

I eit sjøområde utanfor Todalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Spjøtneset ved Spjøtnesbekken i vest til Geitatåa i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 831 073 til 844 073

GJELELVA:

I eit sjøområde utanfor Gjelelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes på Gjela i sørvest til Gjelanaset i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 872 232 til 883 239

SVARTVASSELVA OG ÅSGARDELVA (ÅRVÅGFJORDEN):

I eit sjøområde utanfor Svartvasselva og Åsgårdelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes aust for Nerbakken i sørvest til nes ved Haugen i nordaust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 913 242 til 917 249

HALSA KOMMUNE**SANDÅA, DALAELVA OG STORELVA:**

I eit sjøområde utanfor Sandåa, Dalaelva og Storelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes, 400 m nord for utløpet av Langetibekken, nedanfor Sandneshaugen i vest til Kalvikhammaren i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MQ frå 800 977 til 812 977

SMØLA KOMMUNE

HINNÅA:

I eit sjøområde utanfor Hinnåa, innanfor ei rett linje trekt frå austlegaste punktet på Jøstøløya i sørvest til eit punkt på land ved Nausthaugberga. Linja skal tangere søraustlegaste punktet på Sørøya.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 472 253 til 475 255 til 477 256

FUGLVÅGVASSDRAGET:

I eit sjøområde utanfor Fuglvågvasdraget, innanfor ei rett linje trekt over sundet mellom Klakkvågen og Fuglvågen.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 458 278 til 457 279

KVERNAVASSDRAGET:

I eit sjøområde utanfor Kvernavassdraget, innanfor ei rett linje trekt frå austlegaste neset på Storholmen i vest og i austleg retning over vågen på den smalaste staden.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 452 340 til 454 341

HOPENVASSDRAGET:

I eit sjøområde utanfor Hopenvassdraget, innanfor ei rett linje trekt frå nordaustlegaste punkt på Hopen i vest til Hopen fyr på nordspissen av Hopøya i aust, og mellom Hopen fyr og søraust til nordlegaste punkt på nes i land.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 513 381 til 518 380 til 521 376

AUREBEKKEN (INDRE ROKSVÅG):

I eit sjøområde utanfor Aurebekken, innanfor ei rett linje trekt frå nordvestlegaste punkt på nes på austsida av vågen i søraust til austlegaste punkt på nes austafør Kalddalshaugen i nordvest.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 585 306 til 584 308

HJELLBERGVÅGEN:

I eit sjøområde utanfor Hjellbergelva, innanfor ei rett linje trekt frå sydlegaste punkt på halvøya sør for Hjellberget i vest til sørvestlegaste punkt på nes nord for Åbrotholmen i aust.

Kartreferanse: M 711/32 V. UTM: MR frå 415 275 til 416 275

§2

Grensene for dei freda områda vert merka med skilt.

§ 3

Brot på denne forskrifta er straffbart jf. Lov av 6. mars 1964 om laksefiske og innlandsfiske, § 86.

§ 4.

Forskrifta tek til å gjelde 2. mai 1991.

Samtidig vert desse føresegnene sett ut av kraft:

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfisk, datert 16. januar 1968 med seinare endringar, om fisket i Bafjorden, Averøy kommune, og for fisket ved elveutløpet av desse elvane i Nordmøre laksedistrikt, Møre og Romsdal fylke: Vågsbøelva og Einsetelva i Eide kommune; Hopenelva i Smøla kommune, Øksendalselva, Driva og Littdalselva i Sunndal kommune, Suma, Bævra, Todalselva og Søya i Surnadal kommune og Todalselva i Aure kommune.

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 22. april 1977, om fisket ved utløpet av Farstadelva, Fræna kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 25. april 1977, om fisket ved utløpet av Hustadelva, Fræna kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 25. april 1977, om fisket ved utløpet av Moaelva (Sylteelva), Fræna kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 5. april 1982, om fisket ved utløpet av Tennfjordelva, Haram kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 21. januar 1976, om fisket ved utløpet av Vatneelva, Haram kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 22. desember 1983, om fisket ved utløpet av Hareidselva, Hareid kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 23. november 1979, om fisket ved utløpet av Eira, Nesset kommune

Forordning av 22. februar 1945, jfr. Ministerpresidentens beslutning av 11. juni 1942, om fisket ved utløpet av Valldalselva, Norddal kommune

Kgl. res. av 11. oktober 1873 om fisket ved utløpet av Norddalselva, Norddal kommune

Kronprinsregentens resl. av 22. februar 1957 om fisket ved utløpet av Ytterdalselva (Eidsdalselva), Norddal kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 25. april 1977, om fisket ved utløpet av Henselva (Isa og Glutra), Rauma kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 29. oktober 1979, om fisket ved utløpet av Vågselva og Myklebustelva i Gurskebotn, Sande kommune

Kgl. res. av 14. mars 1958 om fisket ved utløpet av Korsbrekkeelva, Stranda kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 29. november 1966, om fisket utanfor Strandaelva, Stranda kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 3. februar 1967, om fisket utanfor Aureelva, Sykkylven kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 13. april 1967, om fisket utanfor Ramstadelva, Sykkylven kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 18. oktober 1974, om fisket utanfor Storelva, Tingvoll kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 21. mars 1969, om fisket utanfor Ulsetvassdraget, Tingvoll kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 14. mars 1979, om fisket utanfor Oselva og Norddalselva, Vanylven kommune

Kgl. res. av 24. januar 1958 om fisket utanfor Barstadvikelva i Ørsta kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 25. april 1977, om fisket utanfor Tressa, Vestnes kommune

Kgl. res. av 29. april 1953 om fisket utanfor Fyrdselva, Volda kommune

Kgl. res. av 10. april 1953 om fisket i Kilsstraumen og Kilspollen, Volda kommune

Kgl. res. av 24. januar 1958 om fisket utanfor Øyraelva (Storelva), Volda kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 7. april 1970, med endringer av 16. juli 1971 og 24. april 1974 om fisket utanfor Solnørelva, Ørskog kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 10. januar 1967, om fisket utanfor Stordalselva, Stordal kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 30. april 1984, om fisket utanfor Ørskogelva, Ørskog kommune

Kgl. res. av 7. februar 1958 om fisket utanfor Bjørkeelva (Vikeelva) og Tusseelva i Ørsta kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 10. januar 1967, om fisket utanfor Bondalselva, Ørsta kommune

Forskrift frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, datert 25. november 1966, om fisket utanfor Storelva i Nordangsfjorden, Ørsta kommune

Forskrift frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk, datert 30. april 1984, om fisket utanfor Ørstaelva, Ørsta kommune

Vedlegg:

Kart over den enskilde munningsfredningssonen

Karta er rettleiande. Sjå ellers forskrifta.

Sonene vil bli merka med skilt på dei i forskrifta omtala punkt.



VANYLVEN KOMMUNE

ÅHEIMSELVA

Munningsfredningssone:

